



Kulturskulane Bykle, Valle og Bygland og Evje og Hornnes samarbeider om tilbod i

FOLKEMUSIKK !

Valle, Bykle og Bygland samarbeider om det interkommunale folkemusikk-tilbudet munnharpe, hardingfele, kvending og leikaring i kulturskulen. Dette er ei satsing på UNESCO Setesdal og den immaterielle kulturarven.

Nye elevar får mogelegheita til å prøve ut ulike instrument, og det blir mykje samspel. Det kan også bli aktuelt å gi gruppeundervisning dersom flere nybyrjarar søkjer på same instrument.

Tilboda gjeld føretrinnsvise elevar frå Bygland, Valle og Bykle kommunar. Dersom kapasitet kan også elevar frå Evje og Hornnes få plass. Ta kontakt med din lokale kulturskule dersom du har spørsmål.

Søknadsfrist for skoleåret 2024/25 er 15. mai!

Søk her:

<https://valle.kommune.no/tenester/kultur-og-fritid/kulturskule/>



Legekantor i Bykle i sommar

Frå 24. juni til 18. august 2024 vil legekantora ved Valle og Hovden vere stengde.

Bykle legekantor vil halde ope i denne perioden.

Legekantoret kan kontaktast på vanlege telefonnummer.

Bykle Kulturskule haust '24

Bykle kulturskule er eit kommunalt tilbod til barn og ungdom frå 0-19 år som ynskjer opplæring i musikk og andre kunst- og kulturuttrykk. Kulturskulen underviser både individuelt og i grupper.

Frist for søknad til kulturskulen er 15. juni

Søknaden sendast inn via:
bykle.kommune.no/tenester/kultur-og-fritid/, velg kulturskule



Me ynskjer nye og gamle elevar hjarteleg velkomne til eit nytt skuleår!

Boksirkele

3. juni på Hovden grendehus kl 19:00

Boksirkelen møtast måndag 3/6 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Tre søstre" av Heather Morris. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med

Velkomen!

Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral



Kurs med Bykle husflidslag hausten 2024


Me arrangerar stakkekurs! Oppstart tysdag 20. august. Kurslærer er Ann Helen Helle Schage. Kurset er på 120 timar og går annakvar tysdag (partallsveker) fram til utpå hausten 2025.

Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl:

jorgine@online.no eller tlf.: 951 72 235, innan 20. juni.

Medl. 40,-/time, ikkjemedl. 70,-/time. Kursmateriell kjem i tillegg. Fleire kurs for hausten blir annosert seinare.

Arr.: Bykle husflidslag



Hovden grendehus og bibliotek

tlf. 902 16 856

Måndag-torsdag 8-21

Fredag 8-16

Sommarstengt frå 1. juli

Opnar igjen 5. august

kultur@bykle.kommune.no

Bykle samfunnshus og bibliotek

tlf. 902 16 856

Måndag 10-16.30

Torsdag 10-16.30

Meiropent bibliotek alle dagar 7-23

Meiropent stengt veke 27-31

Sommarstengt frå 24. Juni til 19. august

Leige av kulturhusa pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune. Leie pr dag for enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-. Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga.

Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbod rette mot alle barn/unge frå 4.-10. trinn.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Laurdag 1.6.; kl 11: Bykle Kyrkje; Konfirmasjonsgudsteneste

Måndag 3.6. kl 19: **Bykle kyrkje; Songkveld i regi av Sarepta**

Elisabeth Gjerde Haddeland synger, vitnar og leiar
allsangen denne kvelden. Informasjon fra misjonsarbeidet.

Velkommen!

www.misarepta.no



SAREPTA
Hva tro til Guds?

Laurdag, 8.6. kl 11: Fjellgardane kyrkje; Konfirmasjonsgudsteneste

Onsdag 12.6., kl 09: Morgonbøn og nistefrukost i Bykle Kyrkje

*Dette skjer annakvar onsdag i partallsveker i samarbeid
med diakon Åse Gudrun*

Onsdag 12.6. kl 12:30: Andakt Bykle Sjukeheim/Dagsenter

Onsdag 26.6. kl 12:30; Andakt Bykle Sjukeheim /Dagsenter

Onsdag 26.6. kl 19:30; Orgelkonsert i **Valle Kyrkje**

Sundag 30.6 kl 18: Gudsteneste i Bykle Gamle kyrkje

Onsdag 3.07 kl 19:30: Orgelkonsert i **Valle Kyrkje**

Onsdag 10.07 kl 19:30: Orgelkonsert i **Valle Kyrkje**

Onsdag 17.07 kl 19:30: Orgelkonsert i **Valle Kyrkje**

Onsdag 24.07 kl 19:30: Orgelkonsert i **Valle Kyrkje**

Søndag 28.7 kl 18: Gudssteneste i Bykle gamle kyrkje

Onsdag 31.7. kl 19:30: Orgelkonsert i **Valle Kyrkje**

Framtidsfullmakt

Bykle Pensjonistlag skal ha møte på Bykle Hotell **måndag 3. juni kl. 12.30**, der Solveig Nordkvist orienterer om temaet «Framtidsfullmakt».

Det blir servert varmrett, kaffe/te og is for 300 kr, medlemmer 150 kr.

Påmelding til Ole Morten Egeland – mobil 90910269 eller til Olaug Dahl – mobil 48171729, innan torsdag 30. mai

Velkommen til basar i Hoslemo bedehus

Laurdag 6. juli kl. 18.00 Andakt og sang av Mangor Harestad
Basar med mange flotte gevinstar Åresal på kaker Trekning av sommarlotteriet Gratis kaffi, brus og mat

Arr. Hoslemo bedehus og Misjonssambandet

Med Bibel og fjellsko

Misjonssambandet inviterer til fjellvandringssleir 1. - 4. august, Bykle Hotell.

Dette er ein langhelg med den gode kombinasjonen av fjellturer, felleskap, bibel og god mat.

Vi skal bruke dagane til å utforske høgfjellet på Hovden og kveldane innandørs med mat kveldsamling, prat og kaffe.

Vi har med oss Jakob Hånes og Øystein Meling som talarar, og Torvald Kjetilstad bidrar med sang

Sjå QR-koden for meir info og påmelding
Lurar du på noko? Ring 38 02 44 32

Arr: Misjonssambandet



Fjellkyrkjetreff i Skafsåheii Fjellkyrkje Sundag 9. juni

Kl 12:00 Gudsteneste v/Hallvard Jørgensen

Etter gudstenesta vert det servert rjomegraut, spekemat, kling og kaffi Pris kr 150,- Vi har Vipps.

Etter mat held gruppa «Salig Blanding» frå Notodden fram. Dei vil også vere med under gudstenesta. Mykje frisk song og musikk denne dagen!

Høve til å gje ei gåve til drift av Fjellkyrkja. Velkomen!

Arr: Kyrkja og Fjellkyrkjelaget



Felles sommeravslutning for språkkafeen Bykle og Hovden på Hovden grendehus: 11. juni klokka 18:00.

” Språkkafé er en møteplass mellom tilflyttere og lokalbefolkningen, som gir mulighet for å treffe nye mennesker, ha ulike aktiviteter, få praktisert norsk i trygge omgivelser og bli kjent med folk og stedet.”

Ta kontakt med merete.egeland@bykle.kommune.no om du vil bidra som språkvert.

Tømekalender

Restavfall: **26.6** - Matavfall: **12.6, 26.6**

Glas/metall, papir og plast: **12.6**

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

Kvar torsdag: 12:30 - 18:30, 4.5 kl 09:00 til 15:00.



Bygdekinoen


bygdekinoen.no

Med atterhald om endringar

Hovden grendehus - måndag 10. juni

18:00 Fantasivenner

20:00 Bad Boys: Ride or Die



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

T: 37 93 85 00

Mån - fre: 09:00 - 14:00

E: postmottak@bykle.kommune.no

**Politiske møter
& saksdokument:**

